

Frå Svalbard til Voss for å utvikla bioenergi

Hordaland Bioenergi AS har nådd sin første milepåle med tilsetjinga av Katharina Månum som dagleg leiar. Neste påle er å ha varmesentral i drift til fyringssesongen 2012-2013.

– Dette er drøymejobben som det nesten var litt skummelt å søkja på. Eg ville ha vorte lei meg viss eg ikkje fekk jobben, seier Katharina Månum. 32 år gammal, fødd Storemark med opphav frå Fedje. Utdanna biolog. I vinter flytta ho, mannen og fire born hit, etter 11-12 år på Svalbard. Katharina kom frå stillinga som rådgjevar for studie- og forskingsavdelinga ved Universitetssenteret, der ho jobba med teknologi og geologi.

Spennande

– Me har store vyar, og dette er ein utruleg spennande jobb med stort potensiale for vekst og utvikling.

Månum tek til i stillinga på deltid frå 1. oktober og for fullt ein månad etter. Men ho vedgår at ho alt har brukt ein god del timar framfor pc'en for å finna ut mest mogleg både om kva arbeid eigarane av selskapet har starta opp og for å gjera seg kjend med det omfattande og store feltet bioenergi.

Det er Voss Energi AS, Indre Hordaland Miljøverk IKS og Voss Bioenergi AS som eig det nye bioenergiselskapet, med Voss Energi og Indre Hordaland Miljøverk som hovudaksjonærar. E-verksjef Rune Nesheim er styreleiar i selskapet.

– Namnet signaliserer at me tek mål av oss til å vera leiande innan bioenergi i eige fylke, i første omgang, seier Nesheim.

Voss veleigna

Både Månum og Nesheim ser Voss som ein heilt naturleg stad å lokalisera ei framtidsretta satsing på miljøvenleg og framtidsretta energi. Voss og bygdene rundt har enorme skogressursar å ta av med tanke på å produsera høgkvalitets brensel til varmesentralar. Ressursar som i dag langt frå vert utnytta, og som bokstaveleg talt



KLAR: Katharina Månum gler seg til å ta fatt på å gjera Voss til bioenergibygg nummer 1. Først her i fylket, og så i ein vidare samanheng.

rotnar på rot i stor grad.

– Noko av det første eg må setja i gang med, er å finna gode og stabile leverandørar av kvalitetsråvarer. Eg må også sondera

marknaden og knyta interesserte kundar til selskapet, seier Katharina Månum.

Etter planen skal bygginga av den første varmesentralen starta

til våren og stå ferdig til neste års fyringssesong.

– Ein av fordelane med bioenergi er at praktisk talt alle nærvarmesentralane vil vera skreddarsydd

etter kunden sine behov. Det gjev ei optimal utnytting av råvareresursar og energi.

Nye arbeidsplassar

I dag er Katharina Månum den einaste tilsette i det nye selskapet, men dette trur ho vil endra seg raskt når arbeidet mot konkrete kundar kjem i gang for alvor.

– Ein ting er at selskapet i seg sjølv genererer nye arbeidsplassar i bygda, ein annan at satsinga på og utviklinga av bioenergi vil skapa tilgrensande arbeidsplassar innan andre næringar, trur Månum.

Både Voss Energi og Hordaland Bioenergi vil samarbeida med Voss jordbruksskule i samband med den nye klima- og miljøutdanninga KEM.

– For Voss jordbruksskule kan det til dømes få ringverknader både for skogfaga og for klima- og miljøetsatsinga til skulen. Å utvikla bioenergi vil vera heilt ypparleg for Voss, med sine kalde vintrar og sin lange fyringssesong.

Konkurransedyktig

Styreleiar Rune Nesheim trur bioenergi i første omgang først og fremst vert aktuelt for store kundar, offentlege som private. Vanlege hushaldningar vil måtta koma inn i denne marknaden på eit seinare tidspunkt.

– Men tanken med bioenergi er å tilpassa energileveransane til bruken, og i tettbygde strok – som dei sentrale delane av Voss er rik på – vil nærvarmeanlegg absolutt kunna verta aktuelt, meiner Månum.

Utan å kunna seia noko konkret om pris, meiner Nesheim det er ein føresetnad for å lukkast at det nye selskapet kan levera bioenergi til ein pris som er fullt ut konkurransedyktig samanlikna med prisen på andre energikjelder.

– Og kva er neste milepåle når den første varmesentralen er i drift?

– Då byggjer me fleire varmesentralar, slår styreleiaren fast.

NILS KVAMSDAL | tekst
VIDAR HERRE | foto
redaksjon@avisa-hordaland.no

Haust er tid for innetrening

2499,-

Gåmaskin
Elipse York x201
Med 21 varierte program, er dette ein gåmaskin du ikkje vert lei.

Tredemølle York t103
Enkel motordriven tredemølle med maxfart på 13 km/t. Høver for enkel jogging eller gåing.

Berre 3999,-

(MX-Sport Voss har stort utval i tredemøller på lager – kom og sjå!)

Magnet-sykkel
York c101
For enkel heimebruk. Krev liten plass og er enkel å flytta.

999,-

litt mer personlig

Voss Handelslag
2. høgda
Tlf. 56 52 12 86
E-post: voss@mxsportbergen.no

Tilboda gjeld så lenge lageret rekk. Enkelte varer kan vera bestillingsvarer.